



Årsmelding 2024

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

OM RAPPORTEN

Ansvarleg eining/avdeling: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Kontaktinformasjon/e-post: Politisk@vlfk.no

Dato 03.02.2025/ev. versjonsnr: 1

Samansetjing av rådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vert valde for den kommunale valperioden.

Ved starten av 2024 hadde RMNF slik samansetjing:

Faste medlem	Varamedlem
Leiar: Trude Brosvik , Krf	1. Gunn Åmdal Mongstad, SP 2. Bridget Penny, R 3. Marius Hellan Hindenes, V 4. Stig Abrahamsen, FrP 5. Mari Svartveit Hansen, Sv 6. Stig Stellberg, H
Medlem: Suzanne Michelle Rødseth , MDG	
Medlem: Gunnar Moland , H	
Medlem: Renate Møgster Klepsvik , FrP	
Medlem: Aud-Marit Netteland , SAFO	
Medlem: Eirik Dahl , SAFO	1. Ida Carlsen Eide Aabrek, SAFO 2. Bente Underthun, SAFO
Medlem: Gunn Sande , FFO	1. Egil Bru Overaa, FFO 2. Sturle Svendal, FFO 3. Else-Berit Helle, FFO
Nestleiar: Arnfinn Hammer Feng , FFO	
Medlem: Arne Hovland , FFO	

Leiar Trude Brosvik, nestleiar Anfinn Hammer Feng.

Arbeidsutval: Trude Brosvik, Anfinn Hammer Feng og Suzanne Michelle Rødseth.

Sekretær: Evy Bakke.



Bilde: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sitt møte 6. desember 2024
Bak fra venstre Anfinn Hammer Feng, Eirik Dahl, Gunn Sande, Gunnar Moland
Foran fra venstre Suzanne Michelle Rødseth, Trude Brosvik, Evy Bakke (sekretær),
Renate Møgster Klepsvik, Arne Hovland

Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha ei rådgjevande rolle i den fylkeskommunale verksemda og skal ha rett til å uttale seg i saker som gjeld personar med funksjonsnedsetting.

1. Samansetjing

Rådet skal ha ni medlemmer oppnemnde av fylkestinget. Fire av medlemene skal vere fylkestingrepresentantar og fem medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonar som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom medlemene. Val av leiar og nestleiar skal skje ved fleirtalsval.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er oppretta den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

a. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innanfor sitt arbeidsområde:

- Gi uttale til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi uttale til regionale planar som angår menneske med nedsett funksjonsevne
- Gi uttale til saker som andre fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levevilkår for menneske med nedsett funksjonsevne
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Årsmelding frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli kvart år.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar.

b. Saker der rådet har avgjerdsmynde

- Saker som gjeld eige organisasjon, til dømes budsjett.
- Høyringsuttalar på vegner av seg sjølv i alle relevante saker.

c. Saker der rådet gjev råd

- Saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne.

d. Fråsegner

- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innanfor sitt arbeidsområde gje sjølvstendige fråsegner, både til fylkeskommunal organ og eksterne organ.

3. Arbeidsform

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha minst seks møter kvart år og elles etter behov.

Vestland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- Leggje fram saker som angår menneske med nedsett funksjonsevne på eit så tidleg tidspunkt at rådet si uttale kan ha moglegheit til å påverke utfallet av saka.
- Auke kompetansen til medverknadsorgana i samband med administrative og politiske prosessar.
- Syte for eit tilfredsstillande sekretariat slik det kjem fram av kommunelova § 5-12 og forskrift knytt til denne.

4. Saksbehandling

For rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjeld reglementet for saksbehandling så langt det passar.

Årsmelding 2024

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har hatt 10 møter i 2024, 3 fysisk på Vestlandshuset i Bergen og 7 digitale.

Konferansar/møte:

- 05.04.2024: Arrangerte «Gode råd for likestilling», opplæring av råda for menneske med nedsett funksjonsevne og fellesråd i Vestland fylke, saman med FFO og SAFO i Vestlandshuset. Kurset var ein kombinasjon av at folk deltok i salen og at dei kunne samle seg regionalt. Noko som gjorde at fleire kunne delta og at ein knytte lokale kontaktar mellom råda i same område. Kurset fekk gode tilbakemeldingar.



Bilde: Stader deltakarane hadde samla deg regionalt under «Gode råd for likestilling»

- Suzanne Michelle Rødseth deltok på «Nettverk for universell utforming i kollektivtransport 29.-30.mai 2024.
- Nestleiar eller leiar har møtt som observatør i Trafikktryggingsutvalet.
- Leiar har hatt faste møter med elev- og lærlingomboda og mobbeomboda.
- 29.10.2024 Ope møte om usynleggjering av funksjonshemma i Vestlandssalen. RMNF var vertskap og medarrangør saman med Likestillings- og diskrimineringsombodet.



Bilde: Debatten under ope møte om usynleggjing

Synfaring:

Frå Klosteret til Engen med rullestolbrukar, guide Egil Hope 19.04.2024.



Bilde: Synfaring frå Klosteret til Engen

Orienteringar i møte:

- Brukargruppe universell utforming, byggetrinn 5 Bybanen Utbygging.
- Kartlegging av universell utforming på turveg og friluftsområde.
- Utviklingsplan Vestland 2024-2028.
- Tilrettelagt skoleskyss.
- Universell utforming i signalregulerte gangfelt.
- Kvam vidaregåande skule Norheimsund.
- Bruk av KI for registrering av fotgjengaråtfærd.
- Spesialpedagogiske tilbod.
- Opplæring for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Status i bussanbod 2025.
- Universell utforming i fylkeskommunen.
- Nettverk for universell utforming i kollektivtransport.
- Utviklingsplan for Vestland 2024-2028.
- Tilbudsstruktur for vidaregåande skule.
- Temaplan Vestland tannhelseteneste.
- UU-rolla i fylkesadministrasjonen.
- Byggeprosjekt Kvam vidaregåande skule.
- Syns- og audiopedagogisk teneste.
- Kvalitetsmeldinga og skoleårsresultat pr september 2024.
- FagVeg.
- Erfaring som BPA.
- Sogndal vidaregåande skule, symjehall.
- Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028.

Saker:

RMNF har behandlet 99 politiske saker, 84 referatsaker og 20 godkjenningssaker i 2024.

Rådet merkar seg at administrasjonen i større grad er flinke til å sende saker innom rådet. (På kvar fylkeskommunal sak er det eit punkt som heiter «medverknad» og som gjer at det må vurderast) Likevel har rådet på eige initiativ tatt inn fleire saker. Ofte ført dei opp som RS-saker, og gjort dei om til PS-saker i møte dersom dei har vore av interesse for medlemene.

Som tidlegare har ein prøvt å legge opp møta slik at ein størst mogleg grad har kome tidleg inn i sakene, det vil sei før behandling i hovudutvala. Det medfører at ein del sakspapir ikkje kjem ut ei veke før møtet. Det har vore avklart med medlemene. Ordninga er langt frå fullgod, men det er stor fleksibilitet hos medlemane for å få det til.

RMNF har no eit arbeidsutval på 3 medlemmer. Desse går gjennom sakene i forkant av møta og lagar framlegg til vedtak. Det gjer at møta blir ganske effektive, men hindrar ikkje gode diskusjonar. RMNF er (i stor grad) eit konsensusorgan.


Administrasjonen er svært velvillige til å stille i møter for å orientere rådet.

Dei fleste sakene rådet handsamar er politiske saker som skal vidare til utval, fylkesutval og fylkesting. Men vi får også inn ein del saker frå kommunale råd og enkeltpersonar som ein prøver å følgje opp. Døme på ei slik sak er vore endring av tilkomst til hovudinngang på Kvam vgs. RMNF er

kritisk til at rådet ikkje kom inn i endringssaka, men måtte tipsast av lokalt råd og lokalavisa, og at det ikkje har lukkast å kome fram til ei betre løysing.

RMNF er svært positive til at fylkestinget har endra delegasjonsreglementet slik at rådet sjølv har mynde til å gje uttale i mellom anna høyringssaker, og ikkje som før at det måtte gå gjennom fylkesutvalet.

Rådet har særleg vore opptekne av at menneske med funksjonsvariasjonar skal vise att i planar, tiltak og samfunnet generelt. Og at ein skal vere, og oppleve seg, reellt likestilt. Å inkludere og å førebygge utanforskap er sentralt i Vestland fylke sine planar. Det må gjelde for alle.



vestlandfylke.no